



**Retningslinjer for besøk på
Nesbukti pleie og omsorgssenter, Nestunet,
Steinmoen og Heddelitunet i jola.**

Revidert 09. 12.20

Jula er tid for å besøke sine nære og kjære som ein ikkje har sett på lang tid. Dette gjeld også for våre bebuarar. Me anbefaler at besøkande frå område med mykje smitte ventar i 10 dagar før dei kjem på besøk. Dersom pårørande ynskjer å ta med sine heim gjeld nasjonale smitteverns råd om å halde 2 meters avstand.

Sjå regjeringas [Juleråd 2020](#)

Vi legg til rette for individuelle tilpassingar i høve til besøk ved alvorleg sjukdom/terminal pleie, slik at pårørande kan vere hjå sine næraste i livets slutfase.

Me minner om at Seljord kommune har retningslinjer for besøk til bebuarar på institusjon og bu- og servicesentra. Vi ynskjer å beskytte bebuarane våre mot covid-19 og praktiserer streng besøkskontroll og minner om dei generelle retningslinjene våre for besøk:

1. Alle besøk skal avklarast med avdelinga i forkant. Ring avdelinga på førehand. Når de kjem skal de ringe på dørklokka på utsida av hovudinngang, og vente til personalet kjem.
2. Nesbukti har kviletid mellom kl. 14.00 og 16.30.
3. Dei tilsette lagar ein besøksplan som er ei oversikt over når besøk kan takast imot. Pårørande må «booke» besøk.
4. Alle besøkande blir ført inn i besøksprotokollen. Dette er for at me skal ha oversikt over kven som til ei kvar tid har vore på besøk med tanke på eventuell smitteoppsporing.
5. Alle besøkande må svare på spørsmål om Covid-19. Besøkande med luftvegssymptom eller bekrefta covid-19-smitte, samt dei som er definert som nærkontakt til smitta eller i karantene, skal ikkje besøke institusjonen eller bu og servicesentra på 10 dagar.
6. Dersom besøkande blir sjuke innan 48 t etter at dei har vore på besøk må me kontaktas slik at smitteverntiltak kan iverksettjas så snart som råd.
7. Generelle smittevernrutiner ved alle besøk:
 - Håndhygiene rett før og etter besøk.
 - Det skal ikkje førekome fysisk kontakt mellom besøkande og bebuar.
 - Besøkande må halde minst 1 meters avstand til bebuar og tilsett.
 - Besøk innadørs skal foregå på pasientrom eller besøksrom. Besøkande kan ikkje opphalde seg i fellesareal.
 - Dersom ein er sjuk, skal ein ikkje kome på besøk.
8. Besøkande som kjem frå område med mykje smitte må bruke munnbind ved besøk og halde 2 meters avstand.